



KOPI

Asle Romarheim  
Fløsvikvegen 62  
5915 HJELMÅS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/19182 - 21/2775

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
14.01.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 195/252 Leiknes

Tiltak: etablering av utandørs basseng  
Byggjestad: Gbnr: 195/252  
Tiltakshavar: Asle Romarheim  
Ansvarleg søkjar: Romarheim Entreprenør AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.12.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå regulert byggjegrense i planen må sendast inn med grunngjeving.
2. Det er ikkje oppgjeve ansvarsrett for konstruksjonstryggleik når det gjeld påkjenning på garasje under planlagt basseng. Vi må ha ansvarshavande for PRO av konstruksjonstryggleik knytt til stabilitet av massane under basseng etter terrenginngrep, berekning av inngrep, etc. Gjennomføringsplan skal også oppdaterast med ny ansvarsrett.
3. Det er opplyst i søknaden at vatnet skal sleppast ut i eksisterande røyrssystem for overvatn. Vi tolket det slik at det skal førast til kommunal overvatn og ber om stadfesting frå Samferdsel-, veg-, vass- og avløpsavdelinga på at kapasitet for å ta imot vassmengda er tilfredsstillande.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 15.02.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Asle Romarheim  
Ragnhild Minde Romarheim

Fløsvikvegen 62  
Fløsvikvegen 62

5915 HJELMÅS  
5915 HJELMÅS

### **Mottakarar:**

Romarheim Entreprenør AS

Alvervegen 25

5911 ALVERSUND